

1

0

HELSE ● ● ● VEST

ÅRSRAPPORT

0

2





INNHALD


Leiar	4
Viktige hendingar 2007	5
Føretaka i nøkkeltal.....	8
Styret og leiinga	10
Årsmelding 2007	11
Resultatrekneskap	17
Balanse.....	18
Kontantstrømoppstilling ...	20
Notar	21
Revisjonsmelding 2007.....	34

HELSE  VEST

APOTEKA VEST
HELSE BERGEN
HELSE FONNA
HELSE FØRDE
HELSE STAVANGER
HELSE VEST IKT AS

Vår visjon er å fremme
helse og livskvalitet

DETTE ER HELSEREGIONEN I VEST



- **Helse Vest RHF (regionalt helseføretak)** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
- **Helse Vest RHF eig fem helseføretak;** Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Stavanger og Apoteka Vest, samt Helse Vest IKT AS.
- Helseføretaka har cirka **25 000 medarbeidarar, omfattar cirka 50 sjukehus og institusjonar og yter helsetenester til rundt 1 million innbyggjarar.**
- Budsjettet for 2008 er på rundt 16,7 milliardar kroner.


POSITIVE RESULTAT OG GODE HELSETENESTER

2007 blei eit år med mange gode faglege resultat.

I Noreg har vi eit av dei beste helsetilboda i verda. Vi bruker svært mykje pengar på det offentlege helsevesenet, og dei tilsette gjer ein framifrå jobb.

Her i vest har vi mange gode resultat å vise til for 2007. Vi har satsa på kvalitetsutvikling, utbygginga av tenester til barn og unge med psykiske lidningar og til dei med rusproblem. Vi har fått på plass ein pasienthjelpar som gir råd og praktisk hjelp til pasientar som står i sjukehuskø, eller treng behandling. Og vi har ferdigstilt strategien for heile regionen fram mot 2020. Denne skal vere ei rettesnor for vidareutviklinga av spesialisthelsetenestene i åra framover.

Styreleiar i Helse Vest, Oddvard Nilsen



Det er altså mykje positivt som skjer i spesialisthelsetenesta. Vi har mange gode medarbeidarar som gjer ein uvurderleg innsats for pasientane. Vi behandlar fleire pasientar enn nokon gong, samtidig som vi er den helseregionen i landet som har lågast sjukefråvær.

No gjenstår det å få kontroll over den økonomiske utviklinga i helseregionen. Dessverre klarer vi ikkje eit budsjett som går i balanse for 2007 sjølv om resultatet er mykje betre enn året før. Det betyr at vi er på rett veg. Signala frå Helse- og omsorgsdepartementet er klare; vi må ta fastare grep og oppfølginga må bli endå tettare. Eg har tru på at om vi arbeider grundig med tiltak for å komme i balanse, så vil desse vere reelle og moglege å gjennomføre.

Oppsummert handlar det om at vi må bli enda flinkare til å bruke dei ressursane vi har på ein best mogleg måte. Og får vi økonomien i balanse, kan vi investere der det er nødvendig for å få minst like gode helsetenester i framtida.

Takk til alle medarbeidarane i helseføretaka for ein flott innsats i 2007!



Samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskolane / Universitetet i Stavanger har teke initiativ til eit felles prosjekt for å styrkje den helsefaglege forskinga i regionen.



127 organisasjonar fekk 6,5 millionar i støtte frå Helse Vest i 2007.



– Dette er ei teneste som har mangla for dei som har ønska å bruke retten til å velje sjukehus. Allereie det første året, har behovet vist seg å vere stort, seier pasienthjelpar Liv Torunn Rundhovde.

VIKTIGE HENDINGAR GJENNOM ÅRET 2007

JANUAR

Middels fornøgde pasientar i døgnpsykiatrien

Pasientar som har vore innlagde til behandling innan psykisk helsevern i Helseregion Vest, har gitt blanda tilbakemeldingar på tilbodet dei har motteke. Det viser ei nasjonal undersøking frå hausten 2005.

FEBRUAR

Helse Fonna startar med overvektskirurgi

Styret i Helse Vest vedtok at Haugesund sjukehus skal planleggje for inntil 50 såkalla fedmeoperasjonar i året. Truleg vil dei første pasientane bli opererte allereie før sommaren.

– Sjukehusreforma var nødvendig og riktig
Sjukehusreforma har medført kortare ventetid for pasientane og sjukehustenester som er meir tilgjengelege. Effektiviteten i sjukehusa er betra og psykisk helsevern er prioritert. Det er blant konklusjonane til Noregs Forskringsråd.

VIKTIGE HENDINGAR GJENNOM ÅRET 2007



Vinnar av Helse Vest sin pris til beste unge forskar: Helge Røder.



Vinnar av Helse Vest sin forskingspris: Anne Grimstvedt Kvalvik

MARS

Kompetansesenter skal styrkje forskinga på rus og rehabilitering

Styret i Helse Vest vedtok at Helse Stavanger skal opprette eit kompetansesenter på rus og Helse Bergen på habilitering og rehabilitering. Kompetansesentra skal ha ansvar for forskning, nettverksbygging og undervisning innan sitt fagfelt.

6,5 millionar til helsefremjande arbeid i brukarorganisasjonane

Helse Vest løyver rundt 6,5 millionar kroner til pasient- og brukarorganisasjonar i regionen. Det er ein auke på 300 000 kroner i forhold til 2006. 127 organisasjonar får økonomisk støtte frå Helse Vest i 2007.

APRIL

Helse2020 – Langsiktig strategi på høyring

Forslaget til strategi for helseføretaka i vest fram mot 2020 blir sendt på høyring, både i egne føretak og i eksterne grupper som har vore involverte i planarbeidet. Det vedtok styret i Helse Vest.

MAI

Strategi for styrking av helsefagleg forskning i Helse Vest 2007 - 2010

Samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskulene / Universitetet i Stavanger har teke initiativ til eit felles prosjekt for å styrkje den helsefaglege forskinga i regionen. Rapporten frå dette arbeidet blir lagt fram for Samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskulene / Universitetet i Stavanger i mai.

Fagrappport om nevrokirurgi klar

Styret i Helse Vest ved styreleiar Oddvard Nilsen fekk overlevert fagrappporten om det nevrokirurgiske tilbodet på Vestlandet. Tre av dei fire nevrokirurgane i det nordiske ekspertutvalet var til stades for å leggje fram sine konklusjonar. Det blei også halde ein pressekonferanse der media fekk presentert konklusjonane til ekspertutvalet.

Nytt styre i Helse Stavanger

Styret i Helse Vest vedtok å setje inn eit nytt styre for dotterføretaket Helse Stavanger. Bakgrunnen er at styreleiar i Helse Stavanger i føretaksmøte med eigar ikkje ville stadfeste at han vil følgje opp eit lovleg fatta vedtak om nevrokirurgi i Helse Vest.

JUNI

Nye avtaler med opptrenings- og rehabiliteringsinstitusjonar i regionen

Helse Vest skal i 2007 kjøpe opptrenings- og rehabiliteringstenester for nær 97 millionar kroner. Fem institusjonar med til saman 220 plassar skal gi pasientane i regionen eit rehabiliteringstilbod. – Vi har auka talet på plassar med om lag 10. Til saman vil vi kunne tilby 220 plassar gjennom dei private rehabiliteringsinstitusjonane, seier fagdirektør i Helse Vest, Odd Søreide.

JULI

Mindre sjukefråvær i sjukehusa

Ferske tal viser at over 50 prosent av sjukehuseiningane i Helse Vest hadde eit sjukefråvær på 4,5 prosent eller lågare ved utgangen av mai måned.

AUGUST

Pengar til samhandlingsprosjekt

To nye prosjekt i Helseregion Vest som begge har som mål å betre samhandlinga mellom tenestenivå, fekk lovnad om til saman 1 million kroner. Det skjedde i samband med at statsråd Sylvia Brustad i Helse- og omsorgsdepartementet besøkte Helse Bergen.

11 millionar til utvikling av lokalsjukehusa

Av potten på 50 millionar kroner vil Helse Vest få tildelt 11,23 millionar til utvikling av lokalsjukehusa fordelt på åtte prosjekt. Alle helseføretaka i Helse Vest får midlar til egne prosjekt.

Pasienthjelpar på plass i Helse Vest

- Eg håper dette skal gi eit mykje betre tilbod til pasientane. Her vil dei få personleg og individuell oppfølging og praktisk hjelp til å finne fram i eit til tider uoversiktleig og komplisert system, seier Liv Torunn Rundhovde. Noregs første pasienthjelpar.

SEPTEMBER

Nasjonal portal lansert i Helse Vest

Helse Vest har teke initiativ til ein nasjonal nettportal for nye medisinske metodar, medikament og utstyr. Portalen blir lansert på ein konferanse på Stavanger Universitetssjukehus.

Fornøgde pasientar ved sjukehusa i vest

Pasientane som er innlagt på sjukehus i Helse Vest er godt fornøgde – særleg med pleie- og legehjelpa dei får. Det viser resultatata frå ei undersøking gjennomført av Kunnskapssenteret.

Fagleg gjennomgang av nevrokirurgitilbodet

Sosial- og helsedirektoratet har gjort ein fagleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest og tilrår å samle dette tilbodet ved Haukeland Universitetssjukehus.

OKTOBER

Helseframtida på Vestlandet engasjerer

Nærare 40 institusjonar, kommunar og organisasjonar har sagt si meining om strategidokumentet Helse 2020. Den overordna planen for Helseregion Vest fram mot 2020 blir vedteken av styret.

Deltidstilsette stort sett fornøgde

Over 3000 deltidstilsette i Helse Vest har sagt si meining om kor mykje dei vil arbeide. 72 prosent er tilfredse med størrelsen på stillinga si. No skal helseføretaka arbeide vidare for at dei som ønskjer det skal få endra stillingsstørrelsen.

Forskningsprisar til leddgikt og diabetes

Anne Grimstvedt Kvalvik ved Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HRS) og Helge Ræder ved Barneklubben på Haukeland Universitetssjukehus vann forskningsprisane som Helse Vest delte ut på sin årlege forskningskonferanse.

NOVEMBER

Forskning innan psykisk helse aukar

Det regionale samarbeidsorganet har fordelt nærare 80 millionar kroner til forskningsprosjekt i Helse Vest. – Det er gledeleg å sjå at satsinga på psykisk helse har slått inn, seier fagdirektør Odd Søreide i Helse Vest. Fleire tildelingar enn nokon gong før går til forskning innan psykisk helse.

DESEMBER

Vil bli landets mest miljøvennlege sjukehus

– Sjukehusa produserer mykje avfall og er storforbrukarar av ressursar som vatn og energi. Difor er det viktig at vi har høg fokus på miljøutfordringane. Det vil ei felles tilnærming i regionen vere med på å sikre, seier styreleiar Oddvard Nilsen i Helse Vest. Styret vedtek felles miljøpolitikk og miljømål for helseregionen.

Nevrokirurgi i Helse Vest

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad vedtek å samle det faglege ansvaret og myndigheita for nevrokirurgi i Helse Bergen. – Mi avgjerd er teken ut frå målet om å sikre befolkninga i heile Helse Vest det fagleg sett beste behandlingstilbodet innan nevrokirurgi, seier Brustad.



Sola distriktspsykiatriske senter (DPS) opna dørene for pasientar i 2007.

HELSE VEST IKT AS



ILLUSTRASJONSD. SHUTTERSTOCK

Ei undersøking av kundetilfredsheit gjennomført i 2007 viste at 93 prosent av kundane til Helse Vest IKT var fornøgde eller svært fornøgde med leveransane knytt til service av IKT-utstyr.

Helse Vest IKT AS har 169 medarbeidarar fordelt på sjukehusa i Stavanger, Haugesund, Stord, Odda, Voss, Bergen og Førde. Føretaket leverer IT-tenester til alle helseføretaka i regionen. Styreleiar for Helse Vest IKT AS er Herlof Nilssen. Erik M. Hansen er administrerande direktør.

HELSE STAVANGER



FOTO: MIKJON VOLD

Over halvparten av pasientane som kom inn under ordninga "Raskare tilbake" i Helse Vest i 2007 var tilviste frå Helse Stavanger. Helseføretaket var tidleg ute med å etablere prosjektordinator og kom raskt i gang med arbeidet.

Helse Stavanger har ansvaret for spesialisthelsetenesta i det sørlege Rogaland. Helseføretaket sin administrasjon held til ved Stavanger Universitetssjukehus. Styreleiar i Helse Stavanger er Oddbjørg A. Starrfeldt. Administrerande direktør er Gunnar Hall Skavoll.

HELSE FONNA



I november 2007 starta Helse Fonna opp eit busstilbod til pasientar som skal til Bergen. Ein buss spesialbygd for pasienttransport med helsepersonell om bord fraktar pasientar til og frå Haukeland måndag til fredag.

Helse Fonna har hovudsete i Haugesund og skal gi spesialisthelsetenester til innbyggjarane i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Styreleiar i Helse Fonna er Toralv Mikkelsen og Kari Ugland er konstituert administrerande direktør.

	2007	2006	2005
Folketal	306 700	296 800	296 800
Gjennomsnittleg tal på tilsette	6 525	5 382	5 142
Driftsinntekter (i heile 1 000 kroner)	3 580 809	3 238 716	2 974 769
Somatikk:			
DRG-produksjon (innsatsstyrt finansiering)	58 041	55 556	54 517
Sjukehusopphald, akutt hjelp	31 831	31 723	29 254
Dagopphald/dagkirurgi, akutt hjelp	2 738	2 382	2 125
Sjukehusopphald, planlagt behandling	10 357	11 510	12 695
Dagopphald/dagkirurgi, planlagt behandling	31 795	28 983	26 719
Polikliniske konsultasjonar	209 904	198 913	187 627
Psykiatri:			
Opphaldsdøgn	72 704	70 414	92 214
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 569	2 841	13 108
Polikliniske konsultasjonar	79 403	67 702	80 128
Rusbehandling:			
Opphaldsdøgn	9 471	7 745	–
Opphaldsdagar, dagpasientar	0	5	–
Polikliniske konsultasjonar	16 977	13 624	–

	2007	2006	2005
Folketal	165 500	163 900	163 900
Gjennomsnittleg tal på tilsette	4227	3 039	2 899
Driftsinntekter (i heile 1 000 kroner)	2 015 837	1 786 949	1 653 581
Somatikk:			
DRG-produksjon (innsatsstyrt finansiering)	28 618	28 338	28 267
Sjukehusopphald, akutt hjelp	20 931	20 603	19 535
Dagopphald/dagkirurgi, akutt hjelp	–	0	99
Sjukehusopphald, planlagt behandling	5 958	5 931	5 861
Dagopphald/dagkirurgi, planlagt behandling	13 132	12 418	12 613
Polikliniske konsultasjonar	93 809	90 300	90 709
Psykiatri:			
Opphaldsdøgn	56 699	61 336	66 294
Opphaldsdagar, dagpasientar	3 221	5 229	6 695
Polikliniske konsultasjonar	46 813	39 814	38 613
Rusbehandling:			
Opphaldsdøgn	2 617	2 522	–
Opphaldsdagar, dagpasientar	0	0	–
Polikliniske konsultasjonar	–	0	–

HELSE BERGEN



I 2007 starta etableringa av eit regionalt kompetansesenter for rehabilitering og habilitering i Helse Bergen. Hovudoppgåva til senteret er å medverke til auka forskning, fagutvikling, betra utdanning og kompetanseheving samt drive nettverksbygging innan feltet.

Helse Bergen administrerer sjukehus og institusjonar i Midt- og Nord-Hordaland. I Helse Bergen er Ranveig Frøiland styreleiar og Stener Kvinnsland administrerende direktør. Føretaksleiinga held til ved Haukeland Universitetssjukehus.

2007	2006	2005
389 100	380 700	380 700
11078	10 038	9 965
5 929 717	5 433 315	5 049 667
87 544	87 309	83 542
41 426	41 043	39 870
3 764	3 606	3 545
58 400	65 645	64 381
35 427	38 249	36 370
290 803	296 444	289 637 *
124 889	129 226	127 634
9 350	12 002	12 699
73 620	72 895	71 942
7 019	7 248	–
1 461	936	–
–	0	–

HELSE FØRDE



I 2007 starta ordninga der pasientar ved ortopedisk klinikk i Helse Førde fekk tidspunktet for behandling i første brev. Målsettinga er at ordninga skal innførast i heile føretaket. Nye system for arbeidsplanlegging gjer dette mogleg. På biletet klinikkdirektør Anne Margrethe Øvsthus.

Helse Førde har ansvaret for spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane. Styreleiar i Helse Førde er Clara Øberg. Jon Bolstad er administrerende direktør. Føretaksleiinga held til ved Førde sentralsjukehus.

2007	2006	2005
106 200	107 000	107 000
3530	2 310	2 208
1 687 804	1 503 306	1 379 641
21 357	21 304	21 871
13 180	13 307	13 171
–	5 138	0
14 800	6 248	6 681
8 522	3 082	7 868
96 237	94 767	96 775
31 095	33 025	32 685
2 189	811	886
31 484	32 624	30 805
2 448	0	–
0	0	–
1 932	1 936	–

APOTEKA VEST



I 2007 opplevde sjukehusapoteka ein kraftig vekst innan produksjon av cellegift til levering på kreftavdelingane ved sjukehusa i regionen. I fjor starta også arbeidet med å flytte publikumsavdelinga til sjukehusapoteket i Haugesund til nye, moderne og meir tilgjengelege lokale for å betre tilbodet til publikum.

Apoteka Vest administrerer sjukehusapoteka i Helse Vest og omfattar sjukehusapoteka i Stavanger, Haugesund, Bergen og Førde. Ragnhild Osmundsen er styreleiar for Apoteka Vest, mens administrerende direktør er Johan Bøschén Sandal.

2007	2006	2005
194	215	196
548 056	524 678	477 043
Driftskostnader		
550 318	524 678	477 087
Årsresultat		
-1 526	3 658	- 45
Eigenkapital		
20 938	22 464	18 806
Totalkapital		
109 662	159 172	112 182

Helse Vest RHF har i tillegg driftsavtaler med ei rekke privatpraktiserande spesialistar, private sjukehus og institusjonar (ideelle og kommersielle) om utgreiing og behandling av pasientar.

* I tillegg kjem 90 000 felteksponeringar innan Stråleterapi
 ** Ekskl. utanlandske pasientar og pasientar behandla ved Nordåstunet
 *** Ekskl. manuelt registrerte poliklinikkar og strålebehandling
 **** Vaksenpsykiatri og barne- og ungdomspsykiatri

STYRET I HELSE VEST RHF



Oddvard Nilsen
Styreleiar. Stortingsrepresentant for Hordaland og Høgre frå 1993 - 2005. Styremedlem ved Norges Handelshøyskole. Har arbeidd 28 år i skulen. Frå Askøy.



Kari Oftedal Lima
Nestleiar. Tidlegare fylkestingsrepresentant for SV i Rogaland. Adjunkt. Frå Ålgård.



Ohene Aboagye
Leiar for integrerings- og mangfoldsdirektoratet Vest. Utdanna innan helseadministrasjon frå Universitetet i Oslo Frå Bergen.



Gunnar Berge
Tidlegare stortingsrepresentant for Rogaland og Ap, finansminister og kommunalminister. Direktør for Olje-direktoratet frå 1997 til 2007. Frå Stavanger.



Gerd Dvergsdal
Ordførar i Jølster kommune for Sp. Frå Skei i Jølster.



Helge Espelid
Vald av og blant dei tilsette. Overlege, Helse Fonna. Frå Haugesund.



Inger F. Hamborg
Vald av og blant dei tilsette. Operasjonssjueleiar og konserntillitsvald for Unio, Helse Stavanger. Frå Stavanger.



Gisle Handeland
Nærings-/tiltakssjef i Fedje kommune og gruppeleiar for Ap si fylkestingsgruppe i Hordaland. Tidlegare fylkesordførar i Hordaland. Frå Fedje.



Aslaug Husa
Vald av og blant dei tilsette. Hjelpeleiar og hovudstillitsvald for Fagforbundet, Helse Stavanger. Frå Sola.



Eli Moldeklev
Vald av og blant dei tilsette. Hjelpeleiar og konserntillitsvald for LO-stat, Helse Bergen. Frå Bergen.



Torhild Selsvold Nyborg
Fylkesordførar i Hordaland for Krf. Tidlegare høgskulelektor. Frå Fjell kommune.




Gro Skartveit
Fylkestingsrepresentant i Rogaland for Venstre. Leiar for Veilednings-senteret for pårørende (vedrørende rus og kriminalitet). Frå Finnøy.



Nils P. Støyya
Ordførar i Stryn kommune for Ap. Utdanna økonom og næringsmiddelingeniør. Frå Stryn.

ORGANISASJONSKART



LEIARGRUPPA I HELSE VEST RHF



Herlof Nilssen
Administrerende direktør. Tidlegare rådmann i kommunane Sveio og Randaberg, og administrerende direktør i Haga Nor.



Helge Bryne
Viseadministrerende direktør. Tidlegare fylkeshelsesjef og fylkesdirektør for Helse- og sosialområdet i Rogaland fylkeskommune.



Hilde Christiansen
Personal- og organisasjonsdirektør. Tidlegare prosjektdirektør i Peder Smedvig AS og konserndirektør i Scana Industrier asa.



Per Karlsen
Økonomi- og finansdirektør. Tidlegare budsjettjef og økonomisjef i Sandnes kommune.



Bjørg Sandal
Kommunikasjonsdirektør. Tidlegare informasjonssjef i Phillips Petroleum og statssekretær i Olje- og energidepartementet.



Odd Søreide
Fagdirektør. Tidlegare strategidirektør ved Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten og professor i bistilling ved Institutt for helseledelse og helseøkonomi ved Universitetet i Oslo.



2007 har vore eit år med svært høg aktivitet i helseregionen. Særleg har det vore fokus på kvalitetsutvikling innan helsetenestene, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), økonomistyring, e-handel, forskning og organisasjonsutvikling.

ÅRSMELDING FRÅ STYRET FOR 2007

Det har også blitt vidareført ei rekkje viktige regionale prosjekt. Eitt døme er Helse2020, prosjektet som skal gjere helsetenesta på Vestlandet betre førebudd for framtida, og som blei sluttført i 2007. Eitt resultat av dette prosjektet er felles visjon og mål for helseføretaka på Vestlandet "å fremme helse og livskvalitet".

Dei felles måla for helseføretaka i vest er:

- Trygge og nære sjukehusenester
- Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- Ein framtidsetta kompetanseorganisasjon

Helse Vest har det overordna ansvaret for at oppgåvene til helseføretaka blir løyste i samsvar med helsepolitiske mål og prioriteringar innanfor dei økonomiske rammene og ressursane Helse Vest disponerer. Formålet med all aktivitet i Helse Vest er å sørge for at pasientane får eit så kvalitativt godt tilbod som mogleg. Oppgåvene skal løysast på ein måte som sikrar pasientane trygg, effektiv og likeverdig behandling av høg kvalitet. Helsetenestene skal medverke til god helse, livskvalitet og fremje pasientane si eiga meistring.



Selskapsstruktur og eigarforhold

Helse Vest RHF er 100 prosent statleg eigd. Føretaksmøtet er det øvste organet i Helse Vest RHF. Både Helse Vest RHF og dei underliggjande føretaka har egne styre. Helseføretaka driv dei offentleg eigde sjukehusa og tilhøyrande institusjonar i sine geografiske område. Apoteka Vest driv dei fire sjukehusapoteka i regionen. I tillegg eig Helse Vest RHF Helse Vest IKT AS.

Leiinga for føretaksgruppa held til på Forus i Stavanger kommune. Føretaka er lokaliserte med sin hovudadministrasjon i Stavanger (Helse Stavanger), Haugesund (Helse Fonna), Bergen (Helse Bergen, Apoteka Vest og Helse Vest IKT AS) og Førde (Helse Førde).

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2007 driftsavtaler med 292 privatpraktiserande spesialistar, 136 innan somatikk og 156 innan psykisk helsevern. Desse fekk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket driftsavtale med sju private ideelle sjukehus og institusjonar innan somatikk og psykiatri, ni private rusinstitusjonar og fem private rehabiliteringsinstitusjonar. For å auke kapasiteten innanfor område der det er lang ventetid, er det inngått avtaler om dagkirurgi med private tilbydarar. Ved utgangen av 2007 hadde Helse Vest avtale med seks private spesialistar og fire private kommersielle klinikkar og sjukehus.

Verksemd og føremål

Helse Vest RHF har det overordna styringsansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse- og omsorgsdepartementet regulerer målsettingar og forventningar gjennom eit årleg bestillardokument.

Helse Vest RHF har også ei eigar- og leiarrolle i forhold til dei seks føretaka i regionen. Eit årleg styringsdokument regulerer forholdet mellom det regionale føretaket og helseføretaka. Dokumentet skisserer prioriteringar og legg føringar for kva for oppgåver føretaka skal gjennomføre.

Styret har i arbeidet sitt vore særleg opptatt av sjukehusa og institusjonane sine hovudoppgåver:

- Pasientbehandling
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Utvikling av medisinsk praksis, pleie og kompetanse
- Førebyggjande helsearbeid
- Opplæring av pasientar og pårørande

Målsettingane med aktiviteten er å hjelpe innbyggjarane i helseregionen til god helse lengst mogleg og til å kunne ha eit best mogleg liv sjølv med kroniske sjukdommar og funksjonshemmingar. Helse Vest skal gjere dette i samarbeid med brukarane av tenestene.

Kvalitet

God kvalitet på helsetenestene er utgangspunktet for all verksemd i Helse Vest. Den heilskaplege strategiplan for kvalitetsarbeid i Helse Vest ligg til grunn for både den overordna retninga som blir gitt i føretaksplanen, og for konkretiserte tiltak i langtidsplanen.

Helse Vest etablerte i 2007 ei styringsgruppe som skal ha ein strategisk, initierande og koordinerande funksjon i kvalitetssatsinga. Styringsgruppa består av fagdirektørene i regionen, ein representant frå Det regionale brukarutvalet og ein representant for dei konserntillitsvalde.

Det er òg etablert eit Kvalitetsforum som ein felles møteplass og eit koordinerande bindeledd mellom det regionale føretaket og helseføretaka /dei private ideelle avtaleinstitusjonane, i arbeidet med å følgje opp den regionale kvalitetssatsinga. Oppstart av den nasjonale nettsida www.mednytt.no og seminaret "Korleis kan vi utvikle gode pasientforløp?" var to konkrete tiltak i kvalitetssatsinga i Helse Vest i 2007.

Helse Vest har i 2007 tildelt 2 millionar kroner i prosjektmidlar til 18 ulike kvalitetsutviklingsprosjekt. Prosjekta dekkjer ulike fagområde og er fordelte mellom alle helseføretaka og nokre av dei private avtaleinstitusjonane i regionen.

Det er også viktig å måle kvaliteten

på tenestene. I 2006 blei det jobba systematisk med rapportering på ei rekkje kvalitetsindikatorar. Via brukarundersøkingane PasOpp (pasientopplevingar i norske sjukehus) fekk pasientane seie si meining om helsetilbodet. I 2007 blei det gjennomført ei PasOpp-undersøking. Her blei pasientar ved dei vaksenpsykiatriske poliklinikkane i regionen spurde om korleis dei opplevde helsetenestene.

Pasienthjelp

Som den første helseregionen i landet starta Helse Vest i 2007 opp ei eiga telefoneneste for pasientar på Vestlandet som treng hjelp til å velje eller bytte sjukehus. Via 800 41 005 kan pasientar få meir inngåande informasjon om fritt sjukehusval og praktisk hjelp slik at dei lettare kan ta seg fram i sjukehussystemet. På denne måten ønskjer Helse Vest at pasientar skal komme raskare til behandling og at kapasiteten ved sjukehusa i regionen blir betre utnytta. Helse Vest har positive erfaringer med ordninga allereie etter kort tids drift.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern var eitt av satsingsområda for Helse Vest i 2007. I perioden 2001 til 2007 har midlane til psykisk helsevern auka prosentvis meir enn for somatikken. Resultatet er at stadig fleire får eit behandlingstilbod.

Utbygginga av psykisk helsevern for barn og unge har førsteprioritet for Helse Vest. Feltet er i positiv utvikling gjennom at fleire får hjelp og kvaliteten på tilbodet er betra. Likevel har Helse Vest-regionen relativt låg dekningsgrad blant barn og unge, og det nasjonale målet om 5 prosent dekning innan 2008 er krevjande. Det er behov for auka ressursar i barne- og ungdomspsykiatrien dei kommande åra samtidig som produktiviteten må ytterlegare opp.

Rusbehandling

Rusområdet har høg prioritet i Helse Vest. Ventetidene i regionen heldt seg stabile i 2007. For pasientar med rett til nødvendig helsehjelp er ventetida samla sett i regionen på om lag 96 dagar. Helse Vest RHF starta å måle epikrisetid innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling i 2006. Siden det har den delen av pasientane som får epikrisen sendt tilvisande instans innan sju dagar, auka frå 61 prosent til 79 prosent. Målet er at 80 prosent av alle epikrisar skal sendast frå dei spesialiserte rustenestene til tilvisande instans innan sju dagar frå utskrivningstidspunktet. Epikrisetid er eit mål

for samhandlinga og kommunikasjonen med helse- og sosialtenesta i kommunane. Kort epikrisetid kan føre til at pasienten får betre kontinuitet i hjelpetilbodet og ei tettare oppfølging frå kommunen og fastlegen etter utskrivning.

Helse Vest har kvart år etter rusreforma tilført ekstra midlar innan rusfeltet. I løpet av 2007 er det mellom anna vedteke oppretta tre nye polikliniske stillingar ved Helse Fonna, Helse Stavanger og Stiftelsen Bergensklinikkene. I september 2007 blei Regionalt kompetansesenter for rusforskning etablert. Hovudoppgåva til kompetansesenteret er å medverke til auka forskning, fagutvikling, betra utdanning og kompetanseheving innan sitt felt. I tillegg skal dei drive nettverksbygging mellom fagpersonar innan same felt i helseføretaka i regionen, og hos aktørar som universitet, høgskular, private institusjonar, brukarorganisasjonar og andre potensielle samarbeidspartnarar.

Ved utgangen av 2007 har Helse Vest til saman 177 døgnbehandlingsplassar, 29 dagplassar og 42 avrusingsplassar i regionen.

Rehabilitering og habilitering

I 2007 blei det etablert eit regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, som eit ledd i ei langsiktig satsing på å styrkje og vidareutvikle habiliterings- og rehabiliteringsfeltet. Senteret har som hovudoppgåver å drive forskning, fagutvikling, undervisning og nettverksbygging med deling av kunnskap til heile regionen. Den regionale koordinerande eininga som er lagt til senteret i Helse Bergen, skal gi pasientane og samarbeidspartar betre oversikt over tilbodet.

Helse Vest inngjekk i 2007 avtaler med fem private rehabiliteringsinstitusjonar om kjøp av 220 plassar for til saman 97 millionar kroner. Dei private rehabiliteringsinstitusjonane utgjør eit viktig supplement til det rehabiliteringstilbodet som skjer i sjukehusa.

Talet på pasientar med langvarige sjukdommar og kroniske tilstandar aukar. Dermed aukar behovet for tenester innanfor rehabilitering, habilitering og læring og meistring. Det er difor utarbeidd ein langsiktig regional plan for fagfeltet, som skal bidra til at rehabiliteringspasientar i regionen får eit godt og likeverdig tilbod. Styret vil uttrykkje bekymring for den økonomiske skeivfordelinga mellom helseregionane innan rehabilitering

Ventetider

Ventetida var kort ved utgangen av 2007 i forhold til i 2002, då sjukehusreforma blei sett ut i livet. Då var ventetida for planlagt behandling i gjennomsnitt 218 dagar. Per 31. desember 2007 var ventetida i gjennomsnitt 101 dagar. Sjukehusa har gjort eit viktig arbeid for å redusere ventetidene. Blant anna har dei rydda i ventelistene og betra dei interne rutinane for ventelisteføring. I tillegg blei kapasiteten ved Helse Vest sine egne sjukehus utnytta langt betre i 2007 enn for få år sidan.

Helse Vest var i 2007 best av helse-regionane når det gjaldt å få sjuke behandla og tilbake i jobb gjennom ordninga Raskare tilbake. Ved utgangen av 2007 hadde 2600 pasientar fått hjelp gjennom ordninga. Målet med Raskare tilbake er å få folk som er sjukmelde, eller står i fare for å bli det, til rask behandling i spesialisthelsetenesta. Slik kan dei komme raskare tilbake i jobb. Ordninga føreset at det skal opprettast tiltak utanom den ordinære sjukehusdrifta slik at ikkje andre pasientar blir forbigått.

Korridorpasientar

At pasientar må ligge på korridor er ikkje akseptabelt verken for pasientane eller dei pårørande. Dette representerer også eit problem for tryggleiken til pasientane og arbeidsmiljøet for dei tilsette. Korridor skal berre unntaksvis, og ikkje som ein del av den ordinære drifta, nyttast som pasientrom.

Innanfor somatikk er talet på korridorpasientar eit særleg problem i Helse Stavanger, og situasjonen har ikkje betra seg gjennom 2007. Her låg prosentdelen korridorpasientar per tertial på mellom 8 og 9 prosent i 2007. Gjennomsnittleg tal på korridorpasientar per dag var i fjor mellom 40 og 45. Styret ser med bekymring på den manglande positive utviklinga for denne indikatoren, og vil følgje utviklinga nøye.

Opninga av nytt akuttmottak i april 2008 er venta å ha ein positiv innverknad på utviklinga.

Innan psykisk helsevern, har både Helse Bergen og Helse Stavanger hatt ei utfordring i 2007. Helse Bergen hadde 2 prosent korridorpasientar per tertial og gjennomsnittleg to korridorpasientar ved inngangen til 2007. Helse Stavanger hadde 5 prosent korridorpasientar per tertial og gjennomsnittleg fem korridorpasientar per dag for same periode. Innan psykisk helsevern har utviklinga derimot vore positiv gjennom 2007 og begge føretaka har nærast løyst problema med korridorpasientar innan psykisk helsevern ved utgangen av 2007. Styret er tilfreds med den positive trenden, og vil følgje utviklinga vidare i 2008.

Epikrisetid

Ein epikrise inneheld opplysningane om utgreiing og behandling av ein pasient, inkludert avtaler om vidare opplegg. Epikrisen blir sendt frå sjukehuset til den som har tilvist pasienten, slik at han kan gi pasienten riktig oppfølging.

Det er eit krav at 80 prosent av epikrisane skal vere sende ut innan sju dagar etter at pasienten er skriven ut frå sjukehus.

Innanfor somatikk har prosentdelen epikrisar som er sende ut innan sju dagar etter utskrivning, gått noko ned i 2007. Prosentdelen låg mellom 50 og 65 i siste del av 2007, og ingen av helseføretaka har nådd målet om 80 prosent.

Innanfor psykisk helsevern låg Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen på målalet i august, men ved utgangen av 2007 ligg dei fire føretaka mellom 50 og 75 prosent.

Kortare epikrisetid har vore eit fokusområde for Helse Vest RHF i 2007 som det har vore tidlegare år. Arbeidet med å redusere epikrisetida er derfor ei prioritert oppgåve framover, og styret varslar at ein forventar ei resultatbetring på dette området.

BEGGE FØRETAKA HAR NÆRAST LØYST PROBLEMA MED

KORRIDORPASIENTAR INNAN PSYKISK HELSEVERN

Forsking

Forsking, både innan somatikk og psykiatri, er ei viktig oppgåve for helseføretaka. Helse Vest samarbeider med både universitets- og høgskolemiljø gjennom samarbeidsorgan for forskning.

Helse Vest er den einaste helseregionen som har auka forskingsaktiviteten jamt og trutt sidan 2002. Og forskinga i vest utgjer ein stadig større del av den samla helseforskinga i landet. Det betyr igjen at Helse Vest får meir pengar til å forske for. Helse Bergen står for nær 20 prosent av den nasjonale helseforskinga og er dermed den nest største forskingsinstitusjonen innan helse i landet. Helse Stavanger har også hatt ein stor auke i forskingspoeng, og forskinga der utgjer nær 5 prosent av den nasjonale forskinga.

I 2007 finansierte Helse Vest via Det regionale samarbeidsorganet 175 forskingsprosjekt, tildelt gjennom dei søkbare midlane. Det blei tildelt 15 nye doktorgradsstipend, og til saman finansierte Helse Vest i overkant av 70 doktorgradsstipend i 2007. 55 prosent av stipendiatane var kvinner. I tillegg fekk rundt 25 strategiske satsingar forskingsmidlar. Psykisk helse og rus er blant dei strategiske områda som har hatt spesiell fokus. Særleg innan psykisk helse er det ei positiv utvikling i talet på aktive forskingsprosjekt.

Det regionale Samarbeidsorganet sitt Forskingsprogram for fagområdet rus har medverka til etableringa av det Regionale kompetansesenteret for tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige i 2007, som har forskning og fagutvikling som sentrale oppgaver.

Til saman blei det i 2007 tildelt nærare 107 mill kroner i forskingsmidlar gjennom Det regionale samarbeidsorganet.

Hausten 2007 arrangerte Samarbeidsorganet den årlege regionale forskingskonferansen. Arrangementet er ein viktig arena for nettverksbygging mellom forskarar og leiarar innan helse. Det blei også delt ut to prisar for framragande forskning og fagutvikling.

Det er etablert eit større prosjekt for å styrkje forskingssamarbeidet mellom helseføretaka og høgskolane/Universitetet i Stavanger. Det er her mellom anna gjort ei kartlegging av alt helsefagleg forskings- og utviklingsarbeid, og det er teke initiativ til ein årleg forskingskonferanse.

Utdanning

Helseføretaka er kunnskapsbedrifter som samarbeider med utdanningsinstitusjonane om utdanning av helsepersonell, også kompetanseheving blant eigne medarbeidarar. Det eksisterer ulike former for samarbeidsavtaler som regulerer innhald og omfang av praksisundervisning og praksisrettleiing.

Gjennom samarbeidet stiller helseføretaka og private institusjonar med avtale med Helse Vest praksisplassar til disposisjon til studentar i samsvar med dei aktivitetskrava som er gitt.

I 2007 har alle helseføretaka teke i bruk ein e-læringsportal der medarbeidarane kan ta nettbasert kurs innan mange ulike område.

Opplæring av pasientar og pårørande

Ei av hovudoppgåvene til helseføretaka er opplæring av pasientar og pårørande. Eit viktig tiltak i så måte er lærings- og meistringssentra (LMS) for kronisk sjuke. Her kjem pasientar og deira pårørande for å få informasjon, opplæring og kurs som gjer dei betre i stand til å takle sjukdommen sin. Alle helseføretaka i vest har etablert velfungerande lærings- og meistringssenter, der tilbodet er utvikla i samarbeid med og tilpassa behova hos pasientane.

Flere av helseføretaka har og desentralisert lærings- og meistringsfunksjonen. Helse Fonna etablerte i 2007 eit eige LMS for psykisk helsevern i tilknytning til Valen sjukehus.

Brukarmedverknad

Dialog og samhandling med representantar for brukarane er særskild viktig for utvikling av tenestene. Det er etablert brukarutval i alle helseføretaka i Helse Vest. Det regionale brukarutvalet er pasientane sitt rådgivande organ ovanfor Helse Vest RHF. Hensikta med utvala er å sikre at pasientane kjem til orde i saker som påverkar helsetenestene, samtidig som helseføretaka får viktige innspel frå brukarane av tenestene. Utvalet uttaler seg i saker som vedkjem pasientane, og kan også på eige initiativ spele saker inn for Helse Vest. Det regionale brukarutvalet deltek også i viktig prosjektarbeid. Dei lokale brukarutvala samarbeider på liknande måtar med sine helseføretak.

I 2007 støtta Helse Vest 127 frivillige brukarorganisasjonar med til saman 6,5 millionar kroner. Helse Vest yter økonomisk støtte til desse organisasjonane fordi dei driv eit viktig støtte- og informasjonsarbeid, både overfor medlemmene sine og innbyggjarane i regionen.

Arbeidsmiljø

Per 31. desember 2007 hadde føretaksgruppa om lag 25 700 tilsette. Dette talet inkluderer også vikarar og mellombels tilsette.

Det er eit langsiktig mål at sjukefråværet i regionen skal ned til 4,5 prosent. Ved utgangen av 2007 var det samla sjukefråværet på 7,5 prosent. Det er ein liten auke i forhold til 2006 då sjukefråværet var 7,2 prosent. Likevel har over 400 av einingane i føretaksgruppa eit sjukefråværet som er lågare enn 4,5. Det utgjer nær halvparten av einingane i føretaksgruppa.

Det blei innrapportert 3479 uønska hendingar eller skadar i føretaksgruppa for 2007, mot 3668 uønska hendingar eller skadar i føretaksgruppa for 2006. Dei største kategoriane er vald eller truslar mot personell innan psykisk helsevern og stikk, kutt, løft, klemming og fall innan somatikken.

I helseføretaka arbeider ein systematisk med helse-, miljø og tryggleiksspørsmål for å redusere både sjukefråværet og talet på skader og uønska hendingar. Helseføretaka har i 2007 lukka avvika etter den nasjonale arbeidsmiljøundersøkinga "God vakt!".

I 2007 har organisasjonsutviklingsprosjektet MOT (Medarbeidar – Organisasjon – Teknologi) blitt innført i alle helseføretaka. Systematisk HMS-arbeid (Helse, Miljø og Sikkerheit) er eit av underprosjekta. Det er i 2007 oppretta HMS-råd og HMS-forum på regionalt nivå, og eit felles HMS-system blei innført i alle helseføretaka i 2007. Alle helseføretaka er representerte og deltek aktivt i MOT-prosjektet.

Helse Vest RHF har i 2007 hatt ei godt etablert og velfungerande ordning med konserntillitsvalde og samarbeidet med verneteneste er utvikla. For ytterlegare å styrkje samarbeid og samhandling, blir det gjennomført to til tre samlingar kvart år mellom det regionale helseføretaket, konserntillitsvalde, verneteneste og dei føretakstillitsvalde. Tillitsvalde deltek også aktivt i regionale prosjekt og føretaksleiinga har månadlege møte med dei tillitsvalde.

Likestilling, integrering og mangfald

Helseføretak og sjukehus er kvinneorienterte arbeidsplassar. Om lag tre fjerdedel av dei tilsette ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner. Innan enkelte yrkesgrupper er kvinneandelen spesielt stor, mellom anna blant sjukepleiarar, hjelpepleiarar og reinhaldspersonale. Blant legar er situasjonen den motsette.

Det er store lønsskilnader mellom dei ulike yrkesgruppene i helseføretaka. Men dersom ein samanliknar lønsnivå for menn og kvinner i same yrkesgruppe, er det vanskeleg å sjå ulikskap.

Fleirtalet av medarbeidarane som arbeider deltid i helseføretaka er pleiepersonell i turnusstillingar. Det er eit mål å redusere omfanget av ufrivillig deltid. På bakgrunn av dette gjennomførte Helse Vest i 2007 ei større spørjeundersøking blant deltidstilsette. Resultata frå denne undersøkinga skal brukast til å arbeide vidare med utfordringane rundt deltidsarbeid i helseføretaka.

I 2007 blei følgjande standardtekst lagt inn i stillingsutlysingane til alle føretaka: "Helse Vest skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarakgrunn."

Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at likestillingslova blir følgt ved tilsetjingar.

Ytre miljø

I 2007 vedtok Helse Vest ein felles miljøpolitikk og miljømål for alle helseføretaka i Helse Vest. Ambisjonen er å vere i første rekkje når det gjeld miljøarbeid i sjukehus.

Sjukehusa produserer mykje avfall og er storforbrukarar av ressursar som vatn og energi. Difor er det viktig å ha høg fokus på miljøutfordringane. Det vil ei felles tilnærming i regionen vere med på å sikre.

Den felles miljøpolitikken kjem etter at ein gjennomgang har vist at det er svært ulik miljøpraksis i føretaka, og at føretaka i ulik grad har fokus på miljøutfordringane.

Ei gruppe samansett av representantar frå føretaka og det regionale helseføretaket har jobba for å styrkje miljøarbeidet og byggje opp organisering og miljøleiing i sjukehusa. Dei har utarbeidd forslag til ein felles miljøpolitikk for helseregionen. Denne tek utgangspunkt i Miljøverndepartementet sitt prosjekt Grøn stat og framtidsstrategien til Helse Vest: Helse2020.

Her er noko av innhaldet i miljøpolitikken:

- Helseføretaka i Helse Vest skal vere i fremste rekkje innan miljøvennleg drift av sjukehus og institusjonar.
- Vi skal arbeide aktivt for å forbetre miljøstyringssystemet vårt innanfor dei prioriterte områda i Grøn stat: avfall, transport, energi og innkjøp.

- Vi skal leggje til rette for å heve kompetansen innan miljøvern og motivere alle tilsette til å utføre oppgåvene sine på ein miljøvennleg måte.

Føretaka i Helse Vest arbeider i tråd med retningslinjene i "Grøn stat" og rapporterer jamleg til Helse Vest på dei fire miljøindikatorane innkjøp, avfall, energi og transport.

Rekneskapen og korrigert resultat

Resultatet for føretaksgruppa viser eit underskot på til saman 965 millionar kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit underskot på 975 millionar kroner. I resultatet ligg ei nedskrivning på eigardel i helseføretaka på 1 209 millionar, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt underskot, slik at den tilsvarer eigenkapitalen deira. Nedskrivninga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje underskota blir tekne med to gonger.

Resultatet som helseregionane skal målast på er det rekneskapsmessige resultatet, justert for auka pensjonskostnad som har skuld i skjerpja økonomiske føresetnader i høve til rettleiing frå Norsk regnskapsstiftelse med verknad for 2007-rekneskapen.



KORRIGERT RESULTAT FOR ÅRET I HEILE TUSEN KRONER, FRAMKJEM SLIK

Underskot etter årsrekneskapen	965 216
Auka pensjonskostnader i høve endra øk. føresetnader	575 000
Resultat jf. økonomiske krav (underskot)	390 216
Resultatkrav frå HOD jf. føretaksmøte februar 2007	300 000
Avvik frå resultatkravet frå HOD	90 216

Finansiell stilling

Trass i underskota i 2002-2007 har Helse Vest RHF og føretaksgruppa framleis ein vesentleg eigenkapital.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i selskapet per 31. desember 2007 som solid. Helse Vest har difor eit godt fundament for vidare verksemd. Likviditeten blir likevel stadig dårlegare ettersom kostnadsnivået er høgare enn inntektsnivået. Det har vore nødvendig å ta opp driftskreditt med til saman 1 312 millionar kroner ved utgangen av 2007. Dette gir ein negativ verknad på finanspostane, som i 2007 viser ein netto kostnad på 57,5 millionar kroner.

Det er også teke opp lån til investeringar med til saman 2 071 millionar kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet. 1 052 millionar av lånet er konvertert til langsiktige lån, kvart lån med 20 års nedbetalingstid rekna frå konverteringstidpunktet. Renta på dei langsiktige låna frå Helse- og omsorgsdepartementet er bunden i fem år til ei rente som varierer for dei enkelte låna frå 3,88 – 5,59 prosent. Lån under opptrekk (byggjelån), til saman 1 019 millionar kroner har flytande rente. I 2007 utgjorde renta 4,13 prosent første halvår og 5,01 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte blir renta tillagt lånesaldo. Renta på driftskreditten er flytande.

Helseføretaka i regionen har i perioden 2002 til 2007 gått med underskot kvart år. Dette har i hovudsak skuld i at kostnadene med den etablerte drifta og bygningsmassen har vore høgare enn tilskot og andre inntekter. Det blir jamt arbeid med planar og tiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra. Det var sett eit resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet på minus 300 millionar kroner i 2007. Helse Vest får i 2008 ein auke i løyvinga på kr 330 millionar kroner. Av dette er 21 mill lagt ut til private ideelle. Etter dette er problemstillinga med underfinansiering av kostnadene med bygningsmassen løyst. Frå 2008 vil kravet vere balanse i rekneskapen.

Investering i heileigde føretak er i Helse Vest RHF bokført etter kostmetoden. Ettersom dei fleste helseføretaka i 2002 - 2007 har gått med underskot og det er uvisse med omsyn til og i kva grad helseføretaka i framtida vil gå med overskot som byggjer opp eigenkapitalen tilsvarande, er Helse Vest RHF si investering i dei heileigde føretaka som har hatt underskot skriven ned like mykje som eigenkapitalen i føretaka er redusert. Nedskrivninga får ingen konsekvens for rekneskapen for føretaksgruppa.

Felleskontrollert verksemd og tilknytte selskap er rekneskapsførte etter eigenkapitalmetoden. Netto overskot i slik verksemd er ført mot fond for vurderingsforskjellar. Dette fondet utgjer 10,4 millionar kroner ved utgangen av 2007.

Risiko for tap

Dei vesentlege inntektene kjem frå offentleg verksemd og risiko for tap er her låg. Når det gjeld andre inntekter er dei i stor grad retta mot private, noko som gir ein høgare risiko. Beløpa i kvar enkelt faktura er låge, og det reduserer risikoen for vesentlege tap.

Gynlab AS har stemna Helse Vest med krav om erstatning avgrensa til 2,88 millionar kroner som følgje av annullering av vedtak om kontraktstildeling.

Forskning og utvikling

Forskning er ei av fleire lovpålagte oppgåver for helseregionane. Forskinga omfattar i hovudsak klinisk forskning. I tillegg til øymerke midlar til forskning frå Helse- og omsorgsdepartementet har helseføretaka finansiert delar av kostnadene til forskning over basisramma, og det er også motteke gåver og tilskott frå andre kjelder til forskingsføremål.

Store delar av forskning og utvikling skjer som ein integrert del av den ordinære verksemda i helseføretaka og det er vanskeleg å skilje ut kostnadene knytt til forskning og utvikling (FoU). Av den grunn blei det gjennomført ei kartlegging av direkte og indirekte kostnader til forskning i 2005 i helseregionane. Dette arbeidet blei vidareført i 2006 i regi av NIFU-Step. Det skal rapporterast på både forskning og utvikling for 2007. Frist for rapportering er 20. mai 2008.

Forskning og utvikling innan spesialisthelsetenesta skal framfor alt føre til betre metodar for diagnostisering og behandling. Resultata av forskning og utvikling innan spesialisthelsetenesta fører i liten grad til

lågare kostnader eller auka inntekter. FoU blir av den grunn kostnadsført løypande.

Helse Vest har tildelt 104,3 millionar kroner til forskning gjennom Samarbeidsorganet. 95,4 millionar kroner av desse er rapportert brukte i 2007. I tillegg kjem infrastrukturkostnader dekkja av helseføretaka sjølve og forskning finansiert frå andre kjelder.

Kontantstraumane i regionen

Kontantstraumoppstillinga viser at likviditeten i Helse Vest er betra med 31 millionar i 2007. Det er investert for netto 1 130 millionar kroner mens netto auka lån og driftskreditt var på 796 millionar kroner. Skilnaden er dekkja opp av auka kortsiktig gjeld.

Investeringane som er gjennomført, har, i tillegg til å kunne oppretthalde aktiviteten, som mål å effektivisere drifta og/eller arealbruken for å kunne møte framtidige utfordringar.

Kredittgrensa på driftskreditten er auka frå 1,6 til 1,75 milliardar kroner i 2008.

Føretaket sine utsikter

Styret i Helse Vest vil peike på at dei tilsette i føretaka arbeider godt og framtidsretta til beste for pasientane i regionen.

Eit viktig resultatmål for Helse Vest er minimum å oppnå resultatkravet frå eigar på balanse i 2008. Styret har pålagt helseføretaka vesentlege effektiviseringar for å nå dette målet.


Staten garanterer for drift av spesialisthelsetenesta. Styret stadfestar difor at føresetnaden for framtidig drift er til stades.

Styret presiserer òg at det normalt er vesentleg uvisse knytt til vurderingar av framtidige forhold. Dette på bakgrunn av mellom anna renteutvikling og utvikling i lønns- og pensjonskostnader.

Stavanger, 4. juni 2008


Oddvard Nilsen
Styreleiar


Kari Oftedal Lima
Nestleiar


Ohene Aboagye
Styremedlem



Gunnar Børge
Styremedlem


Gerd Dvergsdal
Styremedlem



Helge Espelid
Styremedlem


Inger F. Hamborg
Styremedlem


Gisle Handeland
Styremedlem


Aslaug Husa
Styremedlem


Eli Moldekleiv
Styremedlem


Torhild Selsvold Nybø
